

## Årsmelding for Øvre Naustdal Utmarkslag – 2011.

**Styret** har i 2011 vore samansett av  
Normund Svoen – leiar  
Odd Vonen – nestleiar  
Kjell Klopstad – sekretær  
Petter Fimland – styremedlem  
Gudmund Eimhjellen - styremedlem

Rekneskapet er ført av Karen Marie Elvik Svoen

Revisorar:  
Olav Svoen og Kjetil Fimland .  
Valnemnd:  
Ståle Fimland, leiar, og Svein Svorstøl

Kontaktpersonar  
Vernesaker: Olav Svoen  
Villrein : Atle Fimland  
Stimerkingsprosjektet ”Over stakk og stein”: Arne Dvergsdal

### **Styremøter**

Styret har hatt 2 møter og behandla 12 saker. I tillegg har der vore kommunikasjon over telefon, tekstmeldingar og epost. All aktivitet har etter kvart vore dokumentert på nettsida vår.

**Prosjekter** som laget har vore inni siste året:

### **Årsmøte**

Arrangering av årsmøte 14.03.11 - Instedalen skulen. Det blei vedteke at laget skulle skifte namn til Øvre Naustdal Utmarkslag.

### **Kraftlinja Ørskog - Fardal**

Høyringsuttaler i samarbeid med Instedalen grendelag. Linja har som kjent vorte bestemt plassert utanom øvre Naustdal.

### **Fiskekortslag og båtutleige.**

Det blei for sesongen 2011 lagt opp til sjølvbetjening av fiskekort for ØNU sitt område. Det blei hengt opp kasser med fiskekort på Fimlandsbua, i Nesstranda ved vegen mot Teigavatnet, på Nestunet og ved Vonavatnet. I tillegg blei det lagt ut kort på Longevasshytta. I sesongen blei det også sjølvbetjening på utleige av båt både i Svo-/Nesvatnet og i Vonavatnet. Garn kunne hentast hos Olav R. Fimland på Nes. Alle avgifter skulle betalast direkte til bank, men det skulle leggest kvitteringslapper att i boksane.

Sjølvbetjeninga har fungert bra og inntektene av salget er omlag som i 2011. Båtutleiga kunne vore betre nytta, det same kunne utleige av garn. Det har vore sendt tekstmeldingspurring til dei som har løyst fiskekort men som likevel ikkje har betalt over nettbank. Vi slit med den trenden som er i landet elles at fritidsfiske etter innlandsfisk er sterkt dalande. Sjølv i vatn med god kultivering og bra fiskekvalitet er der relativt lite interesse for fiske (jfr. seinare info frå fiskeseminar i Førde). Vi ser også at fiske hos grunneigarane, hytteigarar og andre med lokal tilknytning også er lite i bruk.

### **Søknad om heving av lågaste vannstand i Nes-/Svovatnet.**

Det er søkt NVE, Fylkesmann og kommune om godkjenning av endring av vannstanden i Nes-/Svovatnet sik at lågste vannstand blir heva. Prosjektet er godkjent og vi har fått anbod frå entreprenør. Deler av prosjektet skal dekkast av randsonemidlar til LV området. Resten vonar ein å kunne dekke via SMIL midlar.

### **Fiskeplass ved Svo-/Nesbrua**

ØNU har prosjektert og innhenta anbod på eit prosjekt for tillaging av fiskeplass bl.a. til bruk for funksjons-hemma ved Svo-/Nesbrua. Det er snakk om rydding av området, ein liten gråsteinsmur mot vatnet, grusa gangsti med tilgjenge for rullestol, steinbord og benker. I tillegg tilrettelegging for opptrekk av båt (lagsbåten) og tillaging av tre parkeringsplassar. Kommunen har godkjent prosjektet, men vi ventar enno på endeleg

godkjenning frå Fylkesmann. Det er søkt Fylkesmannsmidlar for friluftstiltak og vi har fått godkjent bruk av randsonemidlar til tiltaket.

### **Rusefisket i Vonavatnet**

Storrusa blei utsett i Vonavatnet 24.07 ved Urene og tatt opp att 08.10. Stor dugnadsinnsats blei utført både under utsetting, røking og opptaking. Det har vore ein skuffande sesong når det gjeld fangstresultat – frå ½ til få kg pr. veke. Det meste av fangstane har vore aure med gjennomsnittsvekt omkring 50 g.

Styret meiner at fangstgevinsten ikkje svarer til arbeidet og at heile fiskekultiveringa må ha ein gjennomgang før den fortset.

### **Trekning av reinsdyrløyver.**

Laurdag 06.08. var det trekning av reinsdyrløyve for medlemmer av Øvre Naustdal Utmarkslag.

For ØNU blei fylgjande uttrekt:

Ung bukk - Asle Grimseth

Simle - Atle Fimland

Reserve: Peter Garlick

Etter det vi har fått opplyst blei begge dyra felt.

### **Hjortebørsen 2011**

Også i 2011 blei hjortebørsen oppdatert etter oppgåver som vi fekk frå styret i Instedalen Storvald. Ein prøvde å oppdatere talla ca 1 gang pr. veke så lenge det blei skote dyr. Som vi kjenner til var der lite dyr i vårt område i pr med dårleg avskyting og mange jaktfelt avslutta jakt tidleg.

### **Fiskeseminar i Førde**

ØNU ved styreleiar deltok på fiskeseminar i Førde 20.11.11 Deltakinga var begrensa til det som gjaldt innlandsfiske. Mest interessant for ØNU var innlegget til Harald Sægrov frå Rådgivande Biloger AS i Bergen, nettside <http://www.radgivende-biologer.no/>

Han har tidlegare gjort prøvefiske i fleire av vatna i inste Naustedalen og hadde, ut frå brei erfaring og forskning, mange synspunkt på kultivering som vi kan dra nytte av. Han er villeg til å møte oss på eit drøftingsmøte. Eit slikt møte vil bli planlagt på nyåret der også andre relevante deltakarar vil bli invitert.

### **Møte vedr. planlegging av traktorveg til Nesstølen**

10. november vart det avhelde eit møte på Instedalen skule angåande traktorveg til Nesstølen. 11 interessantar møtte. På møtet vart det avklart at vegen burde planleggast igjennom Sløkjene. Eit styre bestående av Olav R. Fimland, Marius Nes, Øyvind Mortensbakke og Einar Eimhjellen vart sett til å jobbe vidare med saka når det gjeld finansiering bl.a. med å søke om/ finne midlar. Saka vedgår fleire personar enn dei som er engasjert i ØNU og saka er ført uavhengig av laget.

### **Planlegging rundt bruk av randsonemidlar til LV området.**

Møtet med grunneigarane og prioritering av tiltak blei gjort først i januar 2012 og vil komme i neste årsmelding. Saka er godt dekkja på nettsidene til ØNU.

06.03.2012

For styret i ØNU

Normund Svoen